

Kalandsvika

Kommune: Bergen
Kartblad: 1115 I
Kartreferanse: UTM 32V LM
 023 874
Høgd over havet: 53 m
Areal: 156,7 da
Eigedomar (gnr/bnr): 75/1,
 77/1, 77/2, 77/18, 77/27,
 77/28, 77/34.

Kort omtale av området

Kalandsvika ligg aust i Kalandsvatnet og grensar til rv. 14, om lag 15 km sør for Bergen sentrum. Kalandsvatnet, som har ei overflate på 3,3 km², har eit trongt utlaup. Ved sterk nedbør stig såleis vassnivået noko.

Kalandsvika er ei vegetasjonsrik bukt som går over i myr og sumpskog. Den høgvakse heliofyttevegetasjonen mange stader gir godt skjul for mange våtmarksfuglar. Vegetasjonsbeltet er særleg godt utvikla langs utlaupet av Kalandselva og ein mindre bekk som endar i Åkerbukta.

Kalandsvika sin hovudfunksjon er som hekkeområde. Det er registrert i alt 28 hekkande artar her. I tillegg kjem 22 artar som ein må rekne med hekkar eller har hekka. Dette er eit høgt tal, og truleg det høgaste for ein einskild lokalitet i fylket. Stokkand, vipe, raudstilk, strandsnipe, enkeltbekkasin og sivsongar er mellom dei vanlegaste artane som hekkar i området, men og krikand,

toppand og siland har hekka. Tidlegare var Kaland ein av dei "sikre" lokalitetane for åkerrikse i Bergensområdet. Kalandsvika kan ikkje karakteriserast som eit viktig trekkområde, men som ein del av Kalandsvatnet har lokaliteten likevel stor verdi for overvintrande og trekkande andefugl fram til islegging. 15 artar andefugl er registrert her. Toppand er arten som er registrert med høgast tal, om lag 570 ind. i Kalandsvatnet i slutten av januar.

Verneføremål og framlegg til verneform

Føremålet er å verne eit område med ein sentral hekkefunksjon for våtmarksfugl, truleg den mest artsrike våtmarkslokaliteten i heile fylket. Kalandsvika vert føreslege verna som naturreservat.

Eksisterande inngrep og kjende interessekonfliktar


Rv. 14 sin noverande vegtrasé mellom Os og Bergen går i utkanten av området. Pga innsnevring av utlaupet, etter utbetring av gamal bru på Hamre, har Kalandsvatnet hatt eit unormalt høgt vassnivå i 16 år, fram til utbetring i 1986.

Noko av sumpskogen i søraust er hogd i den seinare tid, og det er sett i gang oppdyrking av denne teigen.

Ettersom Kalandsvatnet no er attende til sitt tidlegare vassnivå før 1970, er det stor interesse for å grøfte og fulldyrke nye jordbruksareal som tidlegare har lege brakk, innanfor det planlagde verneområdet. Dette gjeld ei 10-20 m breid strandsone.

Aktuelle skjøtseltiltak

Det kan verte aktuelt å tynne lauvkrattet aust for den store myra som ligg innanfor Kalandsvika.



KALANDSVIKA

Bergen kommune

Kartref.: AH 053-5-1,2

0 250 500